

Nærøyfjorden landskapsvern- område



Foto: Åsne Henden



Nærøyfjorden
landskapsvernområde



Kart og informasjon
Velkommen inn i
Noregs nasjonalparkar

Velkommen til Nærøyfjorden

Her er vi i hjarta av Vestland fylke, eit av dei mest dramatiske og spektakulære landskapa i verda. Området står på Unesco si verdsarvliste og har trollbunde besökande til alle tider.

Nærøyfjordområdet omfattar seks verneområde som strekkjer seg frå fjorden til høgfjellet. Saman med eit område rundt Geiranger-fjorden blei Nærøyfjordområdet i 2005 skrive inn på Unesco si verdsarvliste, og er med det Noregs første naturområde på denne prestisjetunge lista. Området blir rekna som eit framifrå døme på fjordlandskap, med levande geologiske prosessar.

Det gir eit variert og særmerkt landskap, med kontrastar frå strandline med mildt klima og frodige dalsider, til høgfjell med brear og evige fonner. Her kan du finne di oppleving anten du er ute etter ein lettgått tur langs fjorden, eller ei utfordrande økt og mange høgdemeter. Løna er meistringskjensle og ei utsikt som kan ta pusten frå deg. Verd kvar sveitteintråpe!

På ettermiddagen kan Nærøyfjord-området vere staden for fine skiturar. Det er rett nok langt mellom dei oppkøyrdे løypene, men desto meir laussnø å bolstre seg i. Er du ikkje ein kløppar på ski, er truger eit godt alternativ. Vær varsam i skredfarleg terren. Hugs at veret kan skifte fort.

Ein tur på dei djupe og tronge fjordane er ei oppleving av dei sjeldne. Tettast på naturen kjem du ved å padle eigen kajakk, men det finst også motoriserte

alternativ. Dei mektige fjella rundt deg fortel sine sager, men også fjorden kan fortelje om sitt samspele med tusen små og store bekkar og fossar. Er du heldig, kan du få eit glimt av steinkobbe, nise eller havørn når du ferdist på fjorden.

Det er mange gode fiskevatn i fjella rundt Nærøyfjorden, så det kan gje god avkasting å ha med fiskestonga på turen. For dei som heller vel å gå med børse på ryggen, er det mogleg å jakte både rein, hjort, elg og rype.

I dei bratte fjordliene finn vi dramatiske vitnesbyrd om den ville naturen i form av spor etter store skred og flaumar. Årvisse snøskred og rennande vatræ grev framleis i landskapet.

Kulturlandskapet med spor etter levd liv gjennom uminnelege tider, er ein viktig verneverdi i dette området. Slåtteteigar, beitelandskap og stølsområde har sett sitt preg på landskapet. Høgdegardane langs fjorden er lette å få øye på der dei klamrar seg fast i fjellsida.

Samtidig er området langt ifrå noko museum. Her bur og arbeider folk den dag i dag. Innsatsen til dei som bur her, gjer at du kan oppleve det unike kulturlandskapet. Vis omsyn til folk og natur når du ferdist i området.



Foto: Anbjørg Nornes

På stien til Grindafletane, med utsikt ned til Grindafletvatni.



Foto: Anbjørg Nornes

Nedste Stigen er ein av høgdegardane over Aurlandsfjorden.



Foto: Jørunn Vallestad

Stalheimskleivi er ei 1,5 km lang spektakulær vegstrekning. Den er i dag stengd for ordinær biltrafikk.

Opplevingar

Naturen her byr på fantastiske opplevingar om du vil opp på den høgaste toppen eller vandre langs fjorden, om du vil symje ein tur i sjøen eller padle langs strandene. Kanskje du aldri har prøvd ein trugetur?

Utvalde fotturar

Det finst eit utal flotte turar du kan velje, avhengig av ambisjonsnivå og form. Her er berre nokre få døme:

Til Brekkefossen går du på ein godt tilrettelagt sti med steintrapper som gjer turen lett å gå. Rekn med å bruke om lag ein halv time. Frå utsiktspunktet ved fossen får du flott utsikt over Flåm og Aurlandsfjorden. Litt kondis må til, men dette er ein av dei lettare turane i området.

Føretrekker du flatt terren, er postvegen langs Nærøyfjorden ei kulturhistorisk perle. Den 5,5 km lange turen går frå Styvi til Bleiklindi. For å kome deg til Styvi er du avhengig av båt. Fjordcruiset mellom Flåm og Gudvangen stoppar her på førespurnad. Du bør rekne minst tre timer tur/retur Bleiklindi.

Stalheimskleivi er absolutt verdt eit stopp, både for å utforske det spektakulære historiske veganlegget og for å oppleve dei to store fossane på kvar si side av kleiva. Stalheimsfossen er lett tilgjengeleg langs ein flat grusveg frå botnen av Stalheimskleivi, medan best utsikt til Sivlefossen får du frå midten av sjølve kleiva.

Frå vegen mellom dei to små grendene Bakka og Tufto svingar den gamle buførevegen Rimstigen seg bratt opp

til eit utkikkspunkt på 725 høgdemeter. Stigninga er tung, men gir løn for strevet i form av ei nydeleg utsikt utover Nærøyfjorden. Turen opp tek 1-2 timer. For dei spreke og fjellvante er det mogleg å fortsette anten mot Breiskrednosi og Dyrdal, eller å følgje den gamle ferdsselsvegen over fjellet til Jordalen.

Tur på fjorden

Ein tur på fjorden er ein av dei aller beste måtane å oppleve det mektige fjordlandskapet på. Mange vel å padle eigen kajakk, men eit godt alternativ er dei behagelege fjordcruisa med stillegåande elektriske båtar som går mellom Gudvangen og Flåm. Har du med deg eigen kajakk er det fint å starte turen i Gudvangen, Undredal eller Flåm. Her er parkering og lett å sette ut kajakken.

Stegasteinen

Stegastein utsiktspunkt er ei gangbru som heng 30 meter ut frå fjellsida, 650 meter over fjorden. Den er ein del av nasjonale turistveger fra Aurland til Lærdal, populært kalla «Snøvegen». Fra Stesgastein får du panoramautsikt utan sidestykkje, mot verneområda og verdsarvområdet. Hit kjem du med bil eller buss. Sjå visitselskapa sine sider for meir informasjon om busstider med vidare.



Foto: Øyvind Heen

Området er ein ynda plass for padlarar



Foto: Anbjørg Nornes

På ski i Bleia-Storebotnen.

Fakta & informasjon

Nærøyfjorden landskapsvernområde vart verna i 2002 og er 564 km²

 Kvar ligg verneområda i Nærøyfjordområdet?	I kommunane Aurland, Lærdal, Vik og Voss i Vestland fylke på sørsida av Sognefjorden.
 Korleis kjem eg meg dit?	Du kan enkelt kome med tog, båt, buss og bil frå både Oslo, Bergen, Voss og Sogndal.
Utsiktspunkt	Stegastein og Stalheim
Innfallsportar	Flåm, Aurland, Undredal, Bakka, Gudvangen, Stalheim, Fresvik, Lærdal
Planlegg turen	www.vestnorskfjordlandskap.com www.ut.no
Verneområde i nærleiken	Stølsheimen landskapsvernområde Hardangervidda nasjonalpark Hallingskarvet nasjonalpark Jotunheimen nasjonalpark Jostedalsbreen nasjonalpark Bleia-Storebotnen landskapsvernområde Geitanosi naturreservat Bleia naturreservat Nordheimsdalen naturreservat Grånosmyrane naturreservat
Forvalting og oppsyn	Nærøyfjorden verneområdestyre www.nasjonalparkstyre.no/naroyfjorden Statens naturoppsyn www.naturoppsyn.no
 Turistinformasjon	www.visitvoss.no www.sognefjord.no
Meir informasjon	www.norgesnasjonalparker.no www.vestnorskfjordlandskap.no

Plante- og dyreliv

Det store spennet frå fjord til høgfjell gir ein variert vegetasjon og gode levekår for ei rekke dyreartar.

Villrein

I fjella rundt Nærøyfjorden lever fleire reinsdyrstammar. Villreinen blir ofte kalla fjellets nomade, og er avhengig av å kunne vandre over store, samanhengande fjellområde for å finne nok mat heile året. Om vinteren lever reinen av lav som han kan lukte 60 cm under snøen. Villrein er sky dyr som lett blir påverka av menneskeleg aktivitet. Ser du villrein i fjellet så hald avstand så du ikkje skremmer dyra på flukt.

Sjøpattedyr

Fjorden kan by på spanande naturopplevelingar for den årvakne. Det er blant anna ikkje uvanleg å sjå steinkobbe liggande i små grupper på svaberg, eller duppande med det runde hovudet opp av fjorden. Høyrer du derimot karakteristiske «nyselydar» frå fjorden, er det nok ein flokk niser som er oppe for å puste. Nise er den mest talrike kvalen langs Norskekysten. Med ujamne mellomrom kjem òg flokkar med spekkhoggarar på besøk i fjordane her. Spekkhoggaren er den største av delfinartane vi har, og han kan bli opp til 10 meter lang og kan vege 6-8 tonn. Det er ei majestetisk oppleveling å få han opp på sida av båten.

Fuglar

Om våren kvitrap og syng det i dei skogkledde liene, og myrer og våtmarksområde er viktige leveområde for vadefuglar og ender. Her kan det vere kjekt å ha med seg kikkert på tur. Havørn hekkar fleire stadar langs fjordane, og du kan ofte sjå ho sitjande i eit tre i strandsona eller seglende lågt over fjorden på leiting etter mat. Med eit vengespenn på godt over to meter er den Noregs største fugl. Heipiplerka er sannsynlegvis den mest vanlege fuglen i fjellet, men ho er ikkje så lett å få auge på. Derimot er ho lett å høyre der ho flyg høgt til vers og dalar ned att medan ho syng for full hals. Ein annan kjent fuglelyd i fjellet er den klagande røysta til heiloen. Det er også store sjansar for å skremme opp ryper, både sommar og vinter.

Urvalmue

Urvalmuen veks utilgjengeleg til på rasmark i den bratte ravinedalen Insta Dryfta, mellom 350 og 900 moh. Denne planten har truleg overlevd her sidan før siste istid og er av stor vitskapleg verdi. I Noreg er urvalmuen berre registrert her og i Helin i Valdres. Urvalmuen overlever på desse stadane som er så steinete og ustabile at nesten ingen andre planter kan vekse her.



Foto: Kristoffer Ullern Hansen

Det lever fleire villreinstammar i området. Dei er vare for menneske, så hald avstand.



Foto: Kristoffer Ullern Hansen

Ein tur på fjorden kan by på mange flotte naturopplevingar. Det er stor sjanse for å få sjå sel.



Foto: Kristoffer Ullern Hansen

Med fargen på vengene signaliserer bloddråpesvermaren at den er giftig å ete.



Foto: Kim Abel, Naturarkivet.no

Havørn hekkar i området.



Foto: Rein-Arne Goff

Urvalmue er ei svært sjeldan plante. Ho veks berre her og ein plass til i verda så langt me veit.

Historie og kultur

Gravrøyser og spor etter eldgamle fangstanlegg viser at området har vore i bruk i uminnelege tider. Framleis er det aktiv landbruksdrift og husdyrhald langs fjordane.

Høgdegardar

Høgdegardane langs fjorden viser korleis folk har nytt naturressursane gjennom lang tid. Her var det gode dyrkingsareal, og kort veg til ressursar både i fjorden og i fjellet. Høgdegardane var tidleg busette, og var truleg teknne i bruk av fangstfolk som nytt naturressursane med jakt og fangst. Døme på høgdegardar i Aurlandsfjorden er Nedbergo, Horten og Stigen.

Stølar

Stølane med stølsdrift var ein viktig del av jordbruksdrifta på gardane i fjordbygdene. Det er rike beiteområde i fjellet, og mangel på slåttemark nede ved fjorden eller på høgdegardane. Stølsdrifta var heilt avgjerande for å ha husdyr på gardane ved fjorden. Dei tradisjonelle stølshusa var små. Det var eitt oppholdsrom og eitt rom til produksjon av ost og smør. På mange av stølane er dei gamle stølshusa sett i stand og bygningsmiljøet ivaretatt. Stølsgrendene gjev turar i desse områda ei ekstra oppleving.

Ferdseisvegar

På den tida det var vanleg med drift på stølane, var det også viktig med gode og trygge vegar for folk og dyr. Mange av dei gamle buførevegane er forsegjorte vegar som svingar seg oppover fjellsidene, fleire av dei med flotte murar.

Stalheimskleivi var tidlegare ein viktig ferdseisveg vestover. Faktisk har det vore tre ulike vegar opp kleiva. Den vegan vi kjenner som Stalheimskleivi i dag vart bygd ut som kjerreveg i 1840-åra. Dette opna opp for transport av utanlandske turistar med hest og kjerre frå Gudvangen og opp til Stalheim hotell. Framleis er Stalheimskleivi ein av dei best kjende turistattraksjonane i landet.

Postvegen mellom Bleiklindi og Styvi vart bygd kring 1660, og var i drift i rundt 100 år. Den er ein del av den kongelege postvegen mellom Bergen og Oslo. Styvi hadde eige postkontor, og bøndene der vart kalla postbønder. Posten vart frakta landevegen frå Bergen via Voss til Gudvangen og Bakka. Derifrå vart han rodd over fjorden til Bleiklindi og bore til Styvi. Når det låg utrygg is på fjorden brukte dei ein spesialbygd båt med meiar på. Han kunne dei dra på isen, og viss dei gjekk gjennom, så flaut han, og det var berre å hoppe om bord. I dag er postvegen ein flott turveg.

Velkommen inn, ta vare på naturen

Velkommen på tur i verneområdet! Her er det rom for mange om vi tek omsyn til folk og dyr rundt oss. Verneområda er det beste av norsk natur. Vernet bidreg til å ta godt vare på landskapet og mangfaldet av dyr og planter. Slik kan vi fortsette å samle gode turminne også i framtida.

Allemandsretten. I utmark kan du gå der du vil på beina og på ski. Du kan slå opp teltet der du vil så lenge det er over 150 meter fra busett hus eller hytte.

Kulturminne som gamle murar, fangstanlegg og gravrøyser er freda. Ikkje flytt på steinane.

Rydd opp etter deg og ta med alt avfall, inkludert eingongsgrill og våtserviettar. Der det ikkje finst toalett, grav eit hol minst 30 m frå sti, bygg eller vasskjelde.

Å tenne bål i skog og utmark er forbode frå 15. april til 15. september, bortsett frå på stadar som i vasskanten der brannfaren er minimal. Bruk etablerte bållassar og unngå å fyre opp rett på svaberg slik at berget sprekk. Sløkk bålet og rydd etter deg før du går.

Vis omsyn til beitedyr og ville dyr. Hald hunden i band og lukk grindene. Villrein er ekstra sårbar på ettermiddagar og vår.

Følg etablerte stiar – så slepp villrein og andre sky dyr å møte folk overalt. Unngå å kutte svingar eller å trakke opp nye spor.

Uro ikkje dyre- og fugleliv. Observer dyr og fuglar på avstand, bruk gjerne kikkert.

Vardar er vegvisarar som hjelper deg å følge ruta. Bygg ikkje nye vardar då dette kan føre folk på villspor. Fjern ikkje stein frå gamle vardar. Dei er kulturminne.

Motorisert ferdsel, med unntak av båt på fjorden, er forbode i verneområda med mindre du har særskilt løyve. Dette gjeld også elsykkel.

Vêret i fjellet kan skifte brått både sommar og vinter. Sommaren kan by på låge temperaturar og tjukk skodde. Vintersola kan fort skifte til tett snødrev. Du er sjølv ansvarleg for å vurdere vær og føre, form og dugleik og å førebu deg med eigna klede og utstyr.

God planlegging gir gode turopplevelingar!



Nærøyfjorden landskapsvernområde

Kartinformasjon

Velkommen inn i naturen

Dette er eit kart utvikla for merkevara Noregs nasjonalparkar. Alle norske verneområde, uavhengig av vernekategori, er ein del av denne merkevara. Desse karta er utvikla ut frå kjennskap om korleis verneområdet

vert brukt og kva område som er sårbar for besøk – grunnlaget for besøksforvaltninga. Dette kartet er ikkje eit turkart, men gjev deg ei oversikt over tilboda i det aktuelle verneområdet og området rundt

Startpunkt

Tur til Huldafossen og tur til Mulakamben med utsikt over Sognefjorden

 Startpunkt

Flott historisk utsiktspunkt, tur i Stalheimskleivi, tur til Stalheim fra området til Haukeliseter og Næs

Startpunkt

Parkering for sykkeltur på Rallarvegen, tur til Brekkefossen, 1,0 km fra 2. Gjelvika. TILBOKSINGEN: 010-55 55 55 55

Startpunkt

Geitost og stavkyrkje, turar i Undredal, langs fjorden til Stokko,

 Startpunkt

Båt- eller kajakktur på fjorden, bil vidare til Bakka og tur opp

5 Start

1

D

1

1

1

1

100

10

